

**Sakspapirer til representantskapsmøte
Solstrand Hotell og Bad, Os
tirsdag 25.04 2017 kl. 13.00**

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Sak 01.17. Opprop og oppteljing av representantskapsmedlemmer

Bakgrunn for saka:

I følgje selskapsavtalen, skal det gjerast opprop og oppteljing av representantskapsmedlemmene. Representantskapet er vedtaksføre dersom 16 eller fleire av eigarane er til stades, samt 67 % av eigardelane er representert.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram av møteleiar.

Representantskapet si saksbehandling.

Sak 02.17. Val av møteleiar, referent og protokollørar.

Bakgrunn for saka:

Jf. Selskapsavtalen § 9 Representantskapsmøte, skal det veljast møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll.

Jf. Selskapsavtalen § 9 skal representantskapsmøta leiast av representantskapsleiar eller nestleiar når leiar ikkje er til stades. Om begge er fråverande, skal det veljast ein møteleiar. Møteleiar er ansvarleg for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og to representantskapsmedlemmer som vert valde ved møtestart.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram i møtet

Møteleiar: Lars Barstad, Meland kommune.

Referent: Rune Lothe

Til å underskrive protokoll:

Lars Barstad

Nils T. Økland

Representantskapet sitt vedtak:

Sak 03.17. Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn for saka:

Jf. selskapsavtalen § 9 skal leiar i Representantskapet kalle inn til representantskapsmøte med 4 vekers varsel. Innkallinga skal vere skriftleg og innehalde sakliste. Deltakarkommunane skal ha varsel om representantskapsmøte med same frist. Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast innan utgangen av april månad.

Sakliste:

Sak 01.17 Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Sak 02.17 Val av møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll

Sak 03.17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 04.17 Orienteringssak kring endring i eigarandel og eigartilskotsmodellen frå 2020

Sak 05.17 Årsmelding for 2016

Sak 06.17 Rekneskap for 2016

Sak 07.17 Handlingsplan overordna mål for drifta 2018-2021

Sak 08.17 Økonomiplan for 2018-2021 – Budsjetttrammer for 2018

Sak 09.17 Val til styret

Sak 10.17 Val til valnemnd

Sak 11.17 Føresegn for valnemnda

Sak 11.17 Møtegodtgjersle

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 04.17. Orienteringssak kring endringar i eigardelane for IKA-Hordaland IKS

Bakgrunn for saka:

Den 27. april 2016, gjorde Representantskapen eit vedtak der ein bad styre om å fremje sak til det ordinære representantskapsmøtet i 2017 om å sjå på ein ny fordelingsnøkkel og eigardelar som betre speglar kommunestorleiken blant eigarane.

Saksframstilling:

Styret har på bakgrunn av vedtaket engasjert PWC for å sjå på både endringar i eigardelane så vel som endringar i tilskotsmodellen til selskapet. I utgreiinga, har ein og lagt vekt på endringar som følgjer av kommunesamanslåingar og store endringar i kommunestorleiken dei kommande åra. Ein vil og måtte ta høgde for endringar i IKS –lova som eit resultat av tilpassing av lova til EØS –avtalen .

Styret vil innarbeide løysinga i eit forslag til ny selskapsavtale som vert sendt på høyring hjå eigarkommunane i haust. Etter høyringsrunden vil ein ta sikte på å leggje fram ny modell for eigardelar og eigartilskot på representantskapsmøtet i april 2018.

Saka vert lagt fram som ei orienteringssak i møtet.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapen tek orienteringa til opplysing og ber styret om å leggje fram ny modell for eigardelar samt ny tilskotsmodell for selskapet på representantskapsmøtet i april 2018.

Sak 05.17 Årsmelding for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2016

Bakgrunn for saka:

Årsmelding for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggjast fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor, og endelig fastsett av Representantskapet på representantskapsmøtet.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg årsmelding for IKAH for 2016. Årsmeldinga vert lest opp i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmeldinga for 2016

Representantskapet sitt vedtak:

Vedlegg: Elektronisk signert årsmelding for 2016.

Sak 06.17. Rekneskap for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2016

Bakgrunn for saka:

Rekneskap for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggest fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor og endelig fastsett av Representantskapet på representantskapsmøtet.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg rekneskap for IKAH for 2016 m/noter. Rekneskapen for 2016 syner eit årsresultat på 194 790,-.

Overskotet vert utan at anna vert bestemt ført over til eigenkapitalen.

Styret si innstilling:

Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2016.

Representantskapet sitt vedtak:

Vedlegg: Elektronisk signert rekneskap. Revisjonsmelding vert delt ut i møte.

Sak 07.17 Handlingsplan for IKAH 2018-2021

Bakgrunn for saka:

Selskapet legg kvart år fram overordna mål og retningslinjer, kalla handlingsplan. Denne gjeld for 4 år av gongen, men vert rullert kvart år. Handlingsplanen vert vedteken av styret, samt lagt fram som eiga sak på representantskapsmøtet for godkjenning.

Saksframstilling:

Selskapsavtalen fastslår at IKAH sitt formål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, Jf. lov om arkiv § 6.

Handlingsplanen er utarbeidd etter målsetningane i strategiplanen 2017-2020 og ligg vedlagt saka.

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet vedtek handlingsplanen for 2018-2021.

Representantskapet sitt vedtak:

Sak 08.17. Økonomiplan for 2018-2021 – Budsjettrammer for 2018

Bakgrunn for saka:

Jf. lov om interkommunale selskap § 20 skal Representantskapet ein gong pr. år vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeidd og anna planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra, og gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver.

Saksframstilling:

Vi skal gjennomføre tiltaka i handlingsplanen for 2018-2021. Tenestene vi leverer utanfor eigartilskotet har auka, ved at kommunane mellom anna bestiller meir depotplass, samt at fleire kommunar no kjøper meir tenester innanfor selskapsavtalen. Som eit resultat av dette vert rammene i økonomiplanen utvida.

Økonomiplanperioden 2018 – 2021

Utgifter	2018	2019	2020	2021
Sosiale utgifter og lønn	5 515 000,00	5 025 000,00	6 100 000,00	6 405 000,00
Driftsutgifter	3 415 000,00	3 590 000,00	3 750 000,00	3 950 000,00
Avsetninger				
Sum, utgifter	8 930 000,00	9 380 000,00	9 850 000,00	10 355 000,00
Inntekter	2018	2019	2020	2021
Eigartilskot frå kommunane	3 675 000,00	3 860 000,00	4 050 000,00	4 250 000,00
Depotinntekter	4 560 000,00	4 795 000,00	5 000 000,00	5 250 000,00
Andre inntekter	475 000,00	475 000,00	475 000,00	475 000,00
Bruk av eigenkapital	220 000,00	250 000,00	325 000,00	380 000,00
Sum, inntekter	8 930 000,00	9 380 000,00	9 850 000,00	10 355 000,00

Budsjettrammer for 2018.

Styret legg til grunn følgjande føresetnader i rammene for budsjettet for 2018.

- Selskapet skal ha 6 fulltidstilsette, to prosjektstillingar og drifta skal gå i balanse.
- Styret gjer ei 5 % auke i eigartilskotet
- Styret aukar depotavgifta for papir med 5 % frå 520,- til 546 kr pr. hm.
- Styret aukar e-depotavgifta med 5 %
- Styret styrkar budsjettet med bruk av 220 000,- frå eigenkapital.

Budsjettrammer 2018

Utgifter	2018	Budsjett 2017
Sosiale utgifter og lønn	5 515 000,00	5 250 000,00
Driftsutgifter	3 415 000,00	3 250 000,00
Avsetnader		
Sum, utgifter	8 930 000,00	8 500 000,00
Inntekter	2018	2017
Eigartilskot	3 675 000,00	3 500 000,00
Depotavgifter	4 560 000,00	4 350 000,00
Andre inntekter	475 000,00	475 000,00
Bruk av egenkapital	220 000,00	175 000,00
Sum, inntekter	8 930 000,00	8 500 000,00

Styret sitt framlegg til vedtak

Representantskapet ved IKAH vedtek økonomiplanen for 2018-2021 med dei føresetnadar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Sak 09.17. Val av medlemmer til styret

Bakgrunn for saka:

Selskapet skal jf. § 10 ha eit styre. IKAH har eit styre med 5 medlemmer. Det skal og veljast varamedlemmer. Styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år av gongen. Selskapsavtalen seier at valet skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer og varamedlemmer står på val kvart år. Selskapet er óg pålagt å ha kjønnsbalanse i styret. Det skal vere minimum to styremedlemmer av same kjønn i styret. Det skal vere minimum to varamedlemmer av same kjønn.

Vi har no varamedlemmer etter liste. Det har vore eit ynskje frå Representantskapet at styret og eventuelt nye styremedlemmer er til stades ved val til styre.

Sakshandsaming:

Valnemnda for IKAH for perioden 2016-2017 er:

Leiar: Aud Gunn Løklingholm, Bømlo
Medlem: Sigmund Vikane, Modalen
Medlem: Mari Mæland, Granvin

Styret består i dag av:

Leiar: Jan Tore Helle (på val)
Nestleiar: Birte Young (ikkje på val)
Medlem: Ole J. Opkvitne (på val)
Medlem: Sigrid Laupsa (ikkje på val)
Medlem: Jostein Eitrheim (ikkje på val)

Varamedlemmer etter liste er:

1. Rune Heradstveit (ikkje på val)
2. Bente Skjerping (på val)
3. Jenny Aanderaa (ikkje på val)

Saka vert lagt fram av valnemnda i møtet:

Sak 10.16. Val av valnemnda for IKAH 2017 – 2018

Bakgrunn for saka:

IKS-lova pålegg ikkje selskapet å ha ei valnemnd. Representantskapet kan likevel bestemme at val til styret og innstilling av medlemmer skal gjerast av ei valnemnd. Saka vert avgjort av Representantskapet.

Saksutgreiing:

Valnemnda for IKAH for perioden 2016/2017 har vore samansett slik:

Leiar: Aud Gunn Løklingholm, Bømlø
Medlem: Sigmund Vikane, Modalen
Medlem: Mari Mæland, Granvin

Saka vert lagt fram av valkomitéen i møtet.

Sak 11.17. Føresegn for valnemnda

Bakgrunn for saka:

Selskapet har ikkje eige føresegn for valnemnda sitt arbeide. Den sitjande valnemnda har bede om at representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu ei føresegn for valnemnda.

Saksutgreiing:

Valnemnda er eit organ som i dag består av tre personar som utgår frå representantskapen. Oppgåvene til nemnda, er mellom anna å føreslå kandidatar til styret i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, samt levere forslag til godtgjersle for desse. Valnemnda skal og foreslå kandidatar til verva som leiar og nestleiar for representantskapen. Det er behov for å utarbeide ei føresegn for arbeidet. Føresegna skal vedtakast av representantskapen.

Representantskapsleiar sitt forslag til vedtak

Representantskapen ber styret om å utarbeide eit forslag til føresegn for valnemnda og legge denne fram for behandling på det kommande representantskapsmøte.

Sak 12.17. Godtgjersle til styremedlemmene.

Bakgrunn for saka:

Saka vert lagt fram av leiar for Representantskapet i møtet. Satsane for godtgjering for styret vart sist justert på Representantskapsmøte i 2010. I 2015 gjorde representantskapsmøtet vedtak der ein bad styret legge fram sak med forslag til endring av satsane for styrehonorar på det fyrstkommande representantskapsmøtet.

Saksutgreiing:

Styret er ein viktig ressurs i selskapet. Å rekruttere og behalde kompetente og villige styremedlemmer er viktig. Godtgjering er ein viktig faktor. P.t. er godtgjeringa som følger.

Styroleiar kr. 16.000 pr. år.

Styremedlemmer kr. 8.000 pr. år.

Leiar for Representantskapet kr. 3.000 pr. år

Møtegodtgjering styremedlemmer: kr. 1250 pr. møte

Møtegodtgjering varamedlemmer: kr. 1250 pr. møte

Styremedlemmer får óg dekkja egne utgifter i samband med møta. Reiser vert dekkja etter statens satsar for reisegodtgjersle.

Saka vert lagt fram av representantskapsleiar i møtet.

Representantskapsleiar sitt framlegg til vedtak: